



Møtereferat styremøte 12. desember 2022

Styremøtet vart halde fysisk på Spjelkavik Panorama møtelokale, Ålesund 17. desember 2022 kl. 18 til 20.30. Innkalling var sendt ut i oktober og saklista med saksdokument var sendt ut 8. desember.

Frammøte frå styret: 15 av 17 representantar:

Kommune: Styremedlemmar:

Fjord	Eva Hove - leiar
Ulstein	Berit Sandvik Skeide - nestleiar
Giske	Jan Ove Skodje
Hareid	Bernhard Harkjerr (<i>vara for Brandal</i>)
Herøy	Linn-Therese Hansen Sævik
Sande	Sindre Slettestøl
Stranda	Jan Håkon Vikane
Sula	Nils Erik Bjørkavåg
Sykkylven	(<i>forfall, vara kunne ikkje møte</i>)
Vanylven	John Willy Klungre
Vestnes	Jon Kåre Osdal
Volda	Ola Einang
Ørsta	(<i>forfall, vara kunne ikkje møte</i>)
Ålesund	Jarle Hauge Steffensen
Ålesund	Janet Roelofs
Ålesund	Thea Elise Vestre Aasen
Tilsettrepr.	Christer Lundberg Nes

Forfall meldt: Annika Brandal (Hareid), Karen Høydal (Ørsta) og Trond Bonesmo (Sykkylven)

Andre frammøtte: Dgl. leiar Anne B. Støyva Emblem (referent), prosjektleiar Inger Bakke (Slå på ringen-prosjektet)

Saksliste:

Saksnummer: Tittel:

Sak 88/22	Godkjenning innkalling, sakliste og referat sist styremøte
Sak 89/22	Faste orienteringspostar
Sak 90/22	Status økonomi november 2022
Sak 91/22	StikkUT! 2022 statistikk, brukarundersøking og nytt sti-fond
Sak 92/22	Slå på ringen 2023 – ekstern prosjektstøtte
Sak 93/22	Læring i friluft for alle - ny 3-årig prosjektsatsing frå FL
Sak 94/22	Lokale lønnsforhandlingar for tilsette i friluftsrådet 2022 - resultat
Sak 95/22	Internt: Stilling Inger Bakke prosjektleiar aktivitet
Sak 96/22	Status nytt kontor- og lagerlokale
Sak 97/22	Representantskapsmøte 2023 - dato og lokasjon

Sak 88/22: Godkjenning innkalling, saksliste og referat

Referat frå sist styremøte 4. oktober 2022 ligg på nettsida: [Lenke](#)

Vedtak:

Innkalling og saksliste for styremøte 12. desember 2022 godkjend.

Referat frå styremøte 4. oktober 2022 godkjend.

Sak 89/22: Faste orienteringspostar

Dagleg leiar orienterte kort om:

- **Prosjektgjennomføring 2022:**
Aktivitetsprosjekt, Friluftslivets ferdselsårer, Driftsarbeid og tiltak i driftsområda, Marin forsøpling og Skjergardstenesta
- **Status personalsituasjonen og andre administrative forhold**
- **Andre dagsaktuelle orienteringar**
 - Tilskotsbrev og søknadsfristar Friluftsrådernes Landsforbund 2023
 - Ørsta kommune og vidareføring av medlemskap friluftsrådet

Vedtak:

Styret tek orienteringane til vitande.

Sak 90/22: Status økonomi november 2022

Kort om saka:

Gjennomgang av statusrapport økonomi for jan-november 2022, samanlikna med same periode i fjor. Dette er ein månad før årsrekneskapen er klar. Alt tyder på at friluftsrådet får eit overskot i 2022. Ein del av overskotet er tildelingar frå MRFK til tre konkrete prosjekt (grusveg og skilt) der kostnadane ikkje er kome enno, prosjekta vert ferdig stilte våren 2023. Sum utbetalte tilskot og andre driftsinntekter hittil i 2022 er kr 14, 5 mill., mot kr 12,3 mill. i same periode i fjor. Dette er ein auke på 18%. Lønnskostnadane hittil i år er 6,3 mill. som er ei lita auke på 3% sidan i fjor.

Vedtak:

Styret tek statusoppdatering økonomi 30. november 2022 til orientering.

Sak 91/22: StikkUT! 2022 statistikk, brukarundersøking og nytt sti-fond

Kort om saka:

I Stikk UT! sesongen 2022 har nærturane vert veldig viktig. Friluftsråda fornøgde med årets resultat på om lag 900.000 turar og 40.000 deltakarar. StikkUT! Festival vart ein suksess i september 2022, og er noko vi vil fortsetje med. Sponsorar i appen er viktig for drifta av StikkUT! Kommunen med flest tal registreringar er Ålesund. Kommunen med flest registreringar pr innbyggjar er Aukra. Lillevatnet i Ålesund som også i år var det mest besøkte turmålet. 6000 av de 40000 Stikk UT! deltakerne er barn og ungdom under 20 år. Innbyggerne som går mest på tur i egen kommune er de i Vanylven, Sunndal og Smøla. Det

er gjennomført ei brukarundersøking blant turgåarane som vart presentert i styret. Sparebanken Møre har gitt oss 0,5 mill. til eit turstifond som friluftsråda skal fordele til mindre reparasjonar/«førstehjelp» til StikkUT! turstiar. Kriteria for utdeling av midlane m.v. vart presenterte.

Vedtak:

Styret tek informasjonen om StikkUT! sommarsesong 2022, brukarundersøkinga og turstifondet til orientering.

Sak 92/22: Aktivitetsprosjektet Slå på ringen – ekstern prosjektstøtte

Kort om saka:

Sunnmøre friluftsråd er nyleg tildelt 600 000 kr frå **Gjensidigestiftelsen** til prosjektet «Slå på ringen» i 2023. Denne støtta betyr at friluftsrådet kan gjennomføre samlingar for alle skulane også i 2023. «Slå på Ringen»-prosjektet er satsing mot både elevar og tilsette i skulen, for å få meir fokus på uteleik, tryggleik, rørsle og glede i skulegardane. «Slå på ringen» består av *Leikepatruljen*. *Prøvekaninane* for alle tilsette på kvar skule og *Digitalt digg*, ein digital leikebank med filma uteleikar.

Vi har også inngått avtale med **Møre og Romsdal Røde kors** om å gjennomføre kurs for skuleklassar/skular med behov for betre integrering. Røde Kors er tildelt midlane frå MRFK. **Sparebanken Møre** har støtta prosjektet i 2021 og 2022, dersom SBM skal støtte oss vidare i 2023, er det ein føresetnad at vi også har fått sponsorinntekter frå andre.

Vedtak:

Styret er svært positive til den tildelte støtta til å vidareføre aktivitetsprosjektet «Slå på Ringen» i 2023, og vil sende eit takkebrev til sponsorane frå styret.

93/22: Læring i friluft for alle – ny 3-årig prosjektsatsing frå FL

Kort om saka:

Friluftsrådenes Landsforbund (FL) er tildelt 7 mill. frå Sparebankstiftelsen DNB til ei treårig satsing på Læring i friluft for meir praktisk, variert undervisning i grunnskulen og meir læring i friluft. FL ønsker å samarbeide med 6 friluftsråd. Søknadsfrist er allereie 15. januar. Fagleiar Aktivitet Christer Lundberg Nes presentere argument for og mot ar SF skal søke på å bli med i prosjektet. Dersom SF blir med, er det mindre sjansar for å få støtte til Læring i friluft og kajakknettverket. Prosjektstøtta frå FL vil ikkje dekke 650 kr. timen i ei 50 % prosjektstilling.

Vedtak:

Styret er i utgangspunktet opptatt av å vidareføre satsinga på Kajakk i skulen. Før styret kan gjere endeleg vedtak, må dagleg leiar avklare med FL kor vidt kajakkprosjektet framleis kan få tilskot frå FL dersom SF søker det nye prosjektet Læring i friluft for alle.

94/22: Lokale lønnsforhandlingar for tilsette i 2022 - resultat

Kort om saka:

Det vert vis til tidlegare sak 87/22. Drøftingsmøte med dei tilsette var 25.11. og lønnsforhandlingane var 28.11.22. Dagleg leiar, styreleiar og tilsettrepresentant deltok. AU hadde uttalt seg på førehand. Generelt om resultatet: Alle 9 tilsette har fått ei lønnsauke på 3,85%. Tre tilsette lønnsauke for å jamne ut lønnsforskjellar. Ein nyttilsett fekk lønnsauke pga. stillingsendring. Resultatet etter forhandlingane er 225.900 kr i auka lønnsutgifter. Styret vart orienterte om inndekning av kostnadsauken.

Vedtak:

Styret tek saka om resultatet etter lønnsforhandlingane 2022 til orientering.

Sak 95/22: Endring av stilling for ein prosjektleiar

Kort om saka:

Prosjektleiar for prosjektet «Slå på ringen» og prosjektet «Naturen som eg er ein del av/Friluftsaktivitet for personar med innvandrarakgrunn» har vore midlertidig tilsett i prosjektstilling i friluftsrådet sidan 2019, og har rett på fast stilling (AML § 14-9). Forventa arbeidsmengde tilseier stillingsprosent 80%, dette er også ønske frå prosjektleiaren.

Vedtak:

Arbeidsavtalen for prosjektleiar xx vert omgjort frå midlertidig til fast stilling i samsvar med rettighetene i AML § 14-9. Stillingsprosent vert auka frå 60 til 80 prosent frå 1.1.23.

Sak 96/22: Nye kontor- og lagerlokale – status i arbeidet

Kort om saka:

Det vert vist til vedtak i tidlegare sak 79/22. Kriteria for ny lokasjon: Tilfredsstillande inneklimate og støynivå. Tilgang kjøkken og garderobe m/dusj. Møterom min. 15 plassar, høve til møtegjester og kurs. Lager 150 kvm, deler må ha varme. Takhøgde. Uteområde til bilar og hegner. Tilgang til uteområde for pause. Tilgang til kaiområde i nærleiken. Ved sjø. Lokasjon som er synleg for innbyggjarane. Kjøyreavstand til områda som friluftsrådet driftar. Reiseavstand for dei tilsette til kontorstad. Reglement for offentlege anskaffelsar: Samfunnsbedriftene viser til at «Forskrift om offentlige anskaffelser» § 2-4 gir unntak for visse kontrakter: «Anskaffelsesloven og forskriften gjelder ikke for kontrakter om a. erverv eller leie av jord, eksisterende bygninger (...)» Sunnmøre friluftsråd er dermed ikkje forplikta til å hente inn tre tilbod og vekte desse opp mot kvarandre. Vi vil likevel ha ute ei annonse for å sjå om det kjem fleire tilbod. SF har lagt ut annonse på finn.no – [lenke](#), og vore i kontakt med nokre interessentar.

Vedtak:

Av omsyn til tidsfristar ved ei kontraktsinngåing og oppsigelsestid, får AU fullmakt til å beslutte ny lokasjon før neste styremøte. Dette i samarbeid med dagleg leiar og tilsettrepresentant.

Sak 96/22: Representantskapsmøte 2023 – tid og stad

Kort om saka:

Representantskapsmøtet er høgste styresmakt i friluftsrådet og skal heldast innan utgangen av mars. Representantskapsmøtet skal kallast inn etter vedtak i styret, og med minst 4 veker skriftleg varsel. (samarbeidsavtalen § 5). Møtet i 2023 vert lagt i slutten av mars, dagleg leiar får i oppdrag å finne ein dato som ikkje kolliderer med kommunestyre- og formannskapsdatoar. Styremøtet vert halde 4 veker før, dvs. i slutten av februar.

I år er representantane for følgjande kommunar på val, dagleg leiar kontaktar kommunane ved årsskiftet slik at vala for neste styreperiode er klare til styremøtet:

Kommune	Styremedlemmar på val	Vararepresentantar på val	Periode
Herøy	Linn-Therese Hansen Sævik	Sigurd Nygard	2021-23
Stranda	Jan Håkon Vikane	Bodil Trondstad Lie	2021-23
Sula	Nils Erik Bjørkavåg	Karoline Antonia Slinning	2021-23
Vestnes	Jon Kåre Osdal	Hilde Legernes	2021-23
Ålesund	Jarle Hauge Steffensen	Anders Lindbeck	2021-23
Ålesund	Janet Roelofs	Nora Morken Farstad	2021-23
Ålesund	Thea Elise Vestre Aasen	Ewa Hildre	2021-23

Lokasjon for representantskapsmøtet dei siste åra: Haram (2018), Stranda (2019), Ørsta (2020), Volda (2021) og Ulstein (2022).

Vedtak:

Lokasjon for representantskapsmøtet 2023 vert Sula kommune.

Styret gir dagleg leiar fullmakt til å sette dato for rep.skapsmøte i slutten av mars 2023 og gjere dette kjent for kommunane og representantskapet. Det vert innkalla til styremøte fire veker før for behandling av saker som skal ligge ved innkallinga til rep.skapet.